

Høgskulen på Vestlandet

# ORIENTERING STUDIEBAROMETERET 2025

Prorektor utdanning Anne-Grethe Naustdal

Styremøte 5.mars 2026

O-5/26

# Studentane er på campus, og dei er meir nøgde

9 av 10 studentar ved Høgskulen på Vestlandet er på campus 3-5 dagar i veka. Dei er også litt meir nøgde i år samanlikna med i fjor, både med studia sine og med det psykososiale miljøet på høgskulen.

## Barnehagelærar og barnevern på topp

Dei som er aller mest nøgde på HVL er studentane på barnevern i Sogndal og på barnehagelærarutdanninga på Stord. Begge skårar 4,6 på kor nøgd studentane er "alt i alt". Sosiologi nettstudium har og ein svært høg skår på 4,7, men her er svarprosenten låg.

Aline Torgersen går siste år på bachelor i barnevern i Sogndal.

– Eg gler meg alltid til forelesingane fordi det gir meg så stort utbytte. Kvar dag møter vi engasjerte forelesarar som ønskjer å gjere oss til dei beste barnevernspedagogane vi kan bli, seier ho.



*– Eg er veldig fornøgd med undervisninga på studiet mitt, seier barnevernstudent Aline Torgersen.*

# Generell stabilitet og framgang

- Studentane er jamt over **like eller meir nøgde** enn i førre undersøking på alle indeksar. HVL ligg på det nasjonale snittet på dei fleste områda, sjølv om ein ligg noko under når det gjeld total tilfredshet med studieprogrammet og organisering

| Indeksar: | 2024 | 2025 | Nasjonalt 2025 |
|---|---|---|---|
| Alt i alt fornøgd | 3,7 | 3,9* | 4,0 |
| Eige engasjement | 3,6 | 3,7 | 3,7 |
| Organisering | 3,4 | 3,5* | 3,7 |
| Praksis | 3,6 | 3,8 | |
| Fysisk læringsmiljø | 4,0 | 4,0 | 3,9 |
| Psykososialt læringsmiljø | 3,7 | 3,8 | 3,8 |
| Medverknad | 3,2 | 3,4 | 3,4 |
| Tilbakemelding og rettleiing | 3,4 | 3,4 | 3,4 |
| Tilknyting til arbeidslivet | 3,2 | 3,3 | 3,2 |
| Undervisning | 3,6 | 3,7 | 3,7 |
| Vurdering | 3,9 | 4,0 | 4,0 |

# Organisering som største utfordring

- Vi ser særleg utfordring kring **administrativ tilrettelegging og informasjonsflyt**

- Etter drøfting i Læringsmiljøutvalet (LMU-sak: 3/26) har vi bedt studieprogramansvarlege som har program med låg score på organisering om å identifisere utfordringar knytt til ***organisering*** på studieprogrammet og utarbeida relevante forbetringstiltak.

**Store variasjonar kring korleis studentane oppfattar kvaliteten på informasjonen**



# Uklarheit om medverknad – «veit-ikkje» problem

Medverknad




- Ein ganske høg del av studentane svarar **«veit ikkje»** på om innspela deira vert følgde opp eller korleis det er lagt til rette for **medverknad**
- Dette treng ikkje bety manglande medverknad, men at studentane ikkje veit korleis deira **tilbakemeldingar** faktisk vert brukt
- Det er variasjon mellom fakulteta. Dette peikar på eit behov for betre kommunikasjon og erfaringsdeling mellom fakulteta om korleis ein involverer studentane

# Den nye kvardagen - stor vekst i bruk av KI

Over **75 % av studentane brukar no KI jamleg**, ein betydeleg auke frå 61 % i 2024.

Bruksmønsteret har endra seg: Fleire brukar no KI som **diskusjonspartnar og til tekstredigering**, medan færre brukar det til å generere rein tekst

Berre vel 20 % av studentane meiner at dei har fått god eller svært god **opplæring i KI-bruk**





# Kunstig intelligens: Hva dreier det seg om?

Hva er egentlig kunstig intelligens? Hvordan fungerer teknologien bak tekstmodeller som ChatGPT og Gemini, bildegjenkjenning og generativ KI? I dette emnet gir vi deg en innføring i kunstig intelligens med fokus på maskinlæring og nevrale nettverk.

Nettstudium


**Hopp til**

- Opptakskrav og søknad
- Hvorfor studere kunstig intelligens?
- Hva lærer du?
- Målgruppe
- Praktisk informasjon
- Hvorfor ta mer utdanning?


| Studiepoeng | Oppstart | Varighet | Omfang |
|---|---|---|---|
| 2,5 | 25.03.2026 | 0,5 år | Deltid |

**Søknadsfrist**
25.03.2026

Søk studieplass (for HVL-ansatte)

Opptakskrav og søknad

## Hvorfor studere kunstig intelligens?

Kunstig intelligens påvirker stadig flere deler av samfunnet. Teknologien brukes i alt fra helse og utdanning til næringsliv og offentlig sektor. For å kunne ta gode valg, stille kritiske spørsmål og bruke verktøyene riktig, trenger du grunnleggende forståelse.

Dette emnet gir deg:

- Innsikt i hva kunstig intelligens og maskinlæring faktisk er
- Forståelse for hvordan nevrale nettverk fungerer
- Kunnskap om hvordan data former KI-modeller
- Bevissthet om muligheter og utfordringer ved bruk av KI
- Et faglig grunnlag for å delta i diskusjoner om teknologiens rolle i samfunnet

## Hva lærer du?

Du lærer sentrale begreper innen kunstig intelligens og forstår hvordan data påvirker resultatene KI-systemer gir. Målet er at du skal kunne bruke og vurdere KI på en bevisst og ansvarlig måte. Vi legger vekt på konseptuell forståelse fremfor teknisk implementering.

Les mer i emneplanen om hva du lærer og eksamen. (DIG101)

## Målgruppe

Studenter og ansatte fra alle fakultet, campus og avdelinger ved Høgskulen på Vestlandet.

## Praktisk informasjon

Undervisningsform

Samlinger

Undervisningen er asynkron slik at du kan studere når du selv ønsker og har tid.

Oppstartmøte og spørretimer vil skje digitalt. Vi kommer tilbake med mer informasjon om når de vil bli avholdt.

# Campusoppmøte = arbeidsinnsats

- Heile 89 % av studentane på campusbaserte program møter opp 3–5 dagar i veka.
- Tala viser at **høgt oppmøte heng direkte saman med auka tidsbruk** på organiserte læringsaktivitetar, noko som understrekar verdien av fysisk tilstadevere for studieinnsatsen

| Radetikettar | Organiserte læringsaktivitetar | Eigeninnsats |
|---|---|---|
| 5 dagar i veka | 20,0 | 16,2 |
| 3-4 dagar i veka | 16,8 | 12,8 |
| 1-2 dagar i veka | 13,1 | 13,5 |
| Nokre dagar i mnd | 7,7 | 17,8 |
| Sjeldnare* | 1,3 | 20,5 |
| Totalt | 17,9 | 14,5 |

# Frå insikt til handling

Høgskulen har allereie sett i gang tiltak, og i 2026 vil det bli lagt særleg vekt på å følgje opp organisering, informasjon og det fysiske læringsmiljøet.

**Krav om ansvarlegheit**: studieprogram med lavt score på **organisering** må rapportere på konkrete tiltak

Det blir også utarbeidd nye rutinar for korleis studieprogram med svake resultat skal rapportere om sitt forbetringsarbeid som ei fast rutine

